



Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Sjøtroll AS, avd. Flatråker/Regulering og vassuttak frå Flatråkervassdraget	
Fylke/kommune:	Hordaland/Tysnes	
Ansvarlig:	Rune Flatby	Sign.: <i>[Signature]</i>
Saksbehandler:	Ivar Sægrov	Sign.: _____
Dato:	14.05.2003	
Vår ref.:	NVE 200104085-39	KTV: 21/2003
Sendes til:	Søkjar, Fiskeridirektoratet, Region Hordaland, dei som har gitt merknader til søknaden	

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om løyve til regulering og vassuttak frå Flatråkervassdraget for produksjon av settefisk på Flatråker, Tysnes kommune i Hordaland

Innhold

Side

Søknaden	1
Innkomne merknader	3
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader	5
NVE sin vurdering og konklusjon	7

Søknaden

Med brev av 29.11.2001 til NVE søkte Sjøtroll AS, avd. Flatråker om konsesjon for regulering og uttak av ferskvatn frå Flatråkervassdraget til ein årleg produksjon av 2,5 mill. settefisk i anlegget i Ølversvika ved Flatråker i Tysnes kommune. Som bakgrunn for søknaden er Fylkesmannen i Hordaland sitt brev, dagsett 27.05.1999, til NVE der det blir tilrådd konsesjonshandsaming av reguleringa og vassuttaket frå Flatråkervatnet. Fylkesmannen peika på at slik handsaming ville vere viktig med omsyn til eventuelle framtidige konflikter mellom ulike interesser knytt til bruk av vassdraget. Med brev til Sjøtroll AS (då Austevoll Marine Farming) av 11.09.2000, skisserte NVE vidare opplegg for konsesjonshandsaming av vassdragsanlegget.

Vassdraget

Inntaket for vassuttaket ligg i Flatråkervatnet som ligg på kote 45 moh. Flatråkervatnet som har eit overflateareal på 875 000 m², og heng i hop med Midtvatnet på samme høgdenivå. Like nord for Midtvatnet ligg Nordbustadvatnet på kote 46 moh. Det er opplyst at det i kanalen mellom Flatråkervatnet og Midtvatnet tidlegare er utført arbeid som oppreinsking og at det kan vere gjennomført ei viss utdjuping. Mellom

Midtvatnet og Nordbustadvatnet er det ein gammal murt kanal. Det er to utløp frå Flatråkervatnet. I det sørlege elveløpet er det bygd ein dam som er i overkant av 3 m høg. I det nordlege løpet er det ikkje oppdemming, men der ligg ein steinterskel med overløp på ca kote 45,15. Dei to elveløpa renn saman til Flatråkerelva etter ca 100 m.

Samla nedbørfelt er på 23,5 km² og gjennomsnittleg tilsig pr km² er ca 65 l/s (normalperioden 1960-90). Nyare hydrologiske data peikar i retning av at området i dag har større tilsig enn dette. Det er i alle høve rekna med at vassressursen vil vere rikeleg for den planlagde utvidinga av produksjonen.

Eksisterande anlegg

Reguleringsanlegget

I søknaden er det opplyst at Sjøtroll A/S leiger fallrettane til Flatråkerelva frå 5 gardsbruk på Flatråker. Desse rettane har eksistert frå gammalt av då det var sagbruk og møllerettar i tilknytning til fallstrekningen. Rettane som settefiskanlegget leiger er dei same som sagbruket nytta før. Det er vidare opplyst i søknaden at dei også inkluderer rett til regulering med demning i det sørlege elveutløpet frå Flatråkervatnet. Det er ikkje gjennom avtale fastsett nedre grense for nedtapping av vatnet. For reguleringa av Flatråkervatnet er det i søknaden opplyst følgjande: *"Tidlegare, då Flatråker sag dreiv sitt unlegg, skjedde uttappinga gjennom ei luke i botnen av demninga. I periodar med lite nedbør vart luka i demninga stengt, då det ikkje var nok vatn til å drive saga. Ut frå dette kan ein konkludera med at den faktiske nedtappinga av vatnet på det meste var om lag 2 m under nivået på det nordlege utløpet av Flatråkervatnet.*

Inntaksleidningane til anlegget ligg på det same nivået som luka i demninga og botn av demninga ligg på det same nivået som den gjorde då sagbruket vart drive. På grunnlag av dette reknar ein leiga av fallrettane til å gjelda retten til nedtapping av Flatråkervatnet med inntil 2 m. Det er difor nytta 2 m reguleringshøgde som grunnlag for utrekning av vassmagasin."

Innmålte høgder for utløp og demning

Etter kontrollmåling av firmaet Sørli-Instanes AS skal fylgjande høgder nyttast i saka:

Topp dam i sørlege utløp:	46,54 moh
Underkant lågaste leidning gjennom dammen:	43,22 moh
Lågaste nivå på overløp terskel i nordre utløp:	45,15 moh

Vassinntak

Dei 3 inntaksleidningane til settefiskanlegget er ført ca 350 m frå demninga innover i Flatråkervatnet der inntaket for 2 leidningar ligg ca 20 m under overflata. Den tredje leidningen har inntak på ca 40 m djup. Leidningane blir ført gjennom demninga og kopla saman til 2 leidningar med samla kapasitet på 70 m³/min som blir ført vidare ned til settefiskanlegget.

Detaljer i søknaden:

Vassuttak

Det er i søknaden søkt skissert eit vassuttak som ved normal drift av anlegget (veiledane forbruk) vil variere mellom ca 7 m³/min i april til ca 30 m³/min i oktober.

I søknaden er med følgjande berckning over vassbehov i høve til planlagt driftsopplegg:

Tabell 1. Beregna vassbehov i m³ pr min gjennom året

jan	feb	mars	april	mai	juni	juli	aug	sept	okt	nov	des
15,75	15,75	17,60	13,75	9,50	14,30	20,25	21,50	23,70	27,20	15,00	15,00

Med eit spesifikt avløp på 65 l/s som representativt for Flatråkervassdraget, vil middelavløpet gjennom året bli på 1528 l/s (ca. 90 m³/min). Reguleringa av Flatråkervatnet gjer det mogleg, sjølv med den mest ugunstige reguleringskurven (data for perioden 1935-1973) som gjennomsnitt, å ta ut 490 l/s (29,4 m³/min).

Reguleringa av Flatråkervatnet er basert på vidareføring av reguleringar som har vore etablert for drift av sagbruk, møller og for fløyting. I søknaden er det vist til at. *"Sjøtroll A/S, avd. Flatråker, leiger fallrettane til Flatråkervassdraget frå 5 gardsbruk på Flatråker. Desse rettane har eksistert frå gammalt av då det var sagbruk og møllerettar i tilknytning til vassdraget. Rettane som settefiskanlegget leiger er dei same som sagbruket nytta før – og inkluderer rett til regulering med demning av det sørlege elveløpet på Flatråker. Utleigarane av dette løyvet er grunneigarane til gnr. 4, bnr. 1 – 5 i Tysnes. Løyvet er avtalefesta til 30 år og tinglyst ved Sorenskrivaren i Sunnhordland i 1986. Det er ikkje sett minimumsmerke for nedtapping av vatnet."*

Behandling av søknaden

NVE sende søknaden på høyring den 16.10.2001. Den vart kunngjort i avisene "Bergens Tidende", "Bergensavisen" og "Tysnes Bladet". Søknaden vart lagt ut til offentlig ettersyn på kommunekontoret på Tysnes med høyringsfrist 20.11.2001. Etter initiativ frå NVE og skriftleg innkalling til partane m.fl. frå Tysnes kommune, vart det den 18.02.2003 halde møte om saka og gjennomført synfaring av vassdraget og det aktuelle reguleringsanlegget. I tillegg til representantar for grunneigarane langs med vassdraget var søkjar, Tysnes kommune, Fylkesmannen i Hordaland og NVE representert både på orienterings-/drøftingsmøte og på synfaringa.

Innkomne merknader

NVE har motteke følgjande merknader/innspel i saka innan høyringsfristen:

1. Økland Vestre I Tysnes grunneigarlag v/Olav M. Økland i brev dagsett 01.11.2001
2. - " - - " - - " - 08.11.2001
3. Flatråker Bygdelag v/Gunnbjörg Fagerbakk " 11.11.2001
4. Hjørdis og Bengt Halvorsen " 01.11.2001
5. John Magne Kåstad " 07.11.2001
6. Elise Flatråker og Marta Flatråker " 10.11.2001
7. Lars Mevatne " 15.11.2001
8. Marit og Odd Bjarne Haugsgjerd " 19.11.2001
9. Tysnes kommune " 29.11.2001

10.	Fylkesmannen i Hordaland	"	05.12.2001
11.	Hordaland Fylkeskommune	"	03.12.2001
12.	Jan Salomonsen	"	31.12.2001

Frå nokre av dei som har gitt innspel har NVE motteke fleire brev med utfyllande informasjon.

I merknadane frå dei som er **grunneigarar** inn til vassdraget er det eit klart fokus på skader eller ulemper som kan oppstå dersom reguleringa blir endra slik at vasstanden blir heva utover det som gjeldande regulering medfører. Det blir vist til at heva vasstand utover eksisterande regulering vil gje ulemper for opparbeidd badeplass, opplagsplass for tømmer, tilkomstveg, naust ved Flatråker- og Midtvatnet og for lågtliggjande jordbruksareal. Utsette jordbruksareal som det blir vist til ligg må på austsida av Nordbustadvatnet. I merknadane er det peika på at då reguleringa vart nytta av sagbruket, vart Flatråkervatnet regulert slik at vasstanden etter flaum "*seig raskare*". I nokre merknader er det vist til at fisket i vatna har interesse og at der er både aure, røye, gjedde og ål.

Frå grunneigarane er det også uttrykt stor skepsis til at Flatråkervatnet evt. skal bli senka under det som tidlegare har vore nedre nivå for tapping gjennom luka i dammen.

I merknadane frå fleire av grunneigarane er det med styrke peika på at endra bruksføremål med reguleringa har blitt gjennomført utan at grunneigarane er blitt informert slik som dei meiner å ha krav på. Det blir også fokusert på at etablering og utbygging av anlegget for vassutaket som no er i drift, har blitt gjennomført utan at det har vore tilstrekkeleg og open informasjon til dei som er eigarar av vassrettane. Spesielt er det peika på at legging av røyrleidningar til anlegget og innover i Flatråkervatnet vart gjennomført utan ynskjeleg informasjon og det er stilt spørsmål ved om det har vore gitt nødvendig godkjenning frå aktuelle myndigheiter til deler av anlegget. I ein merknad (6) er det vist til at røyrkata var planlagt nedgraven ved sida av elveløpet, men at den i staden vart nedgraven i elveleiet.

Det er også merknader som går på at arbeid som er utført for å tette demninga i det søre løpet, saman med at den vart påstøypd ca 20 cm, har medført at vasstanden er blitt høgare (merknad 4 og 5).

I merknad frå grunneigarar ved Nordbustadvatnet er det vist til at deler kanalen mellom dette vatnet og Midtvatnet (Iselva) i 1987 vart oppgraven og senka. Det bli hevda og det er framlagt dokumentasjon på at arbeidet vart gjennomført for få ut meir vatn til settefiskanlegget. Merknadane no går på at det ikkje har blitt rydda opp/sett i stand etter arbeidet og at murane i kanalen kan rase saman.

I høve til reguleringsretten som søkjar har vist til, blir det i fleire av merknadane vist til at den gjeld det "søre elveløpet".

Tysnes kommune har handsama saka politisk og peikar på at HRV på nivå med topp demning i søre elveløp "*er altfor høgt*" samt at ei regulering på 3 m vil vere for mykje. Kommunen vurderer det også slik at tiltak i det nordre elveløpet som vil kunne gi innsnevring, vil forverre ulempene ved flaum. Kommunen viser elles til at det, med referanse til fastmerke 6510, i søknaden er nytta feil høgdegrunnlag.

Fylkesmannen i Hordaland har kommentert saka i brev datert i brev av 05.12.2001 og fremjar slikt forslag til vilkår:

1. *Flatråkervatnet skal ikkje under nokon omstende tappast ned under den gamle vasshøgdegrensa frå sagbruket si tid, dvs. botnen av demninga. Setjefiskanlegget må sjøl syta for eit vassbudsjett som gjer at ein unngår trong for vidare nedtapping.*
2. *Vi vil ikkje gå i mot søknaden om fast demning i det nordre utløpet, men om dette tiltaket vert godkjent må det setjast som vilkår at ei ekstra tappeanordning for flaumsikring vert etablert. Vi vil likevel rå til at vårt alternative forslag til tiltak i det nordre utløpet vert nytta.*
3. *Det bør setjast vilkår om LRV og HIRV, samt at det vert sett opp merkepinnar som syner desse grensene.*

Fylkesmannen har i si drøfting av saka vist til vurderingar som vart gjort i brev til NVE av 27.05.99 med tilråding om konsesjonshandsaming av saka. Ma vart det tilrådd at forma på terskelen i det nordre utløpet blir endra slik at avrenninga frå vatnet vart redusert og at nedtappinga av vatnet/magasinet såleis blir seinka. I drøftinga viser fylkesmannen til at det ikkje er nokon eigenproduksjon av anadrom fisk i Flatråkerelva, men at det kan fiskast rømt oppdrettsfisk og litt sjøaure i ved utløpet til sjøen.

Hordaland fylkeskommune konkludere slik: *"Med havbruk som eit viktig satsingsområde for Hordaland, er fylkeskommunen i utgangspunktet positiv til at det vert tilrettelagt for auka produksjon av settefisk i fylket. På bakgrunn av dei opplysningane som ligg føre kan ein ikkje sjå at tiltaket vil vere i vesentleg konflikt med viktige regionale interesser i området. Fylkeskommunen vil difor tilrå at Sjøtroll Havbruk AS får løyve til uttak av vatn frå Flatråkervatnet i Tysnes. Fylkeskommunen tek atterhald om at kulturminneregistreringane må utførast før sjølve konsesjonshandsaminga dersom søknaden reelt sett inneber ei utvida regulering av Flatråkervassdraget.*

På enkelte punkt ser det ut til at reguleringa kan vere kime til lokale konflikhtar, og fylkeskommunen vil oppmode om at regulanten i eit samarbeid med grunneigar, lokale brukarinteresser og kommunen gjer forsøk på å finne avbøtande tiltak."

Søkar sine kommentarer

Med brev av 07.12.2001 drøftar Sjøtroll Havbruk A/S tilrådinga frå fylkesmannen og presiserar at *"det har ikkje vore selskapet sin intensjon å regulere vassdraget på annan måte enn det som blir gjort i samband med drift av anlegget i dag."*

Med brev av 02.05.2002 blir dei ulike merknadane i saka kommentert utfyllande av søkjar som viser til at søknaden etter presiseringa i brev av 07.12.2001 gjeld reguleringa av Flatråkervatnet slik den har vore praktisert til no. Søkjar viser elles til gjeldande private leigeavtalar for rett til vassutak og regulering som ligg til grunn for anlegget si drift. Det blir også vist til bruk av vassdraget i den tida det var sagbruksdrifta som regulerte vassuttaket og at det då var vanleg at det ved lita vassføring vart tappa ned så lenge det var vatn nok til drift av saga. Ved for lite tilsig vart luka stengt og ved oppfylling av magasinet vart elva tørrlagt.

I forhold til merknaden frå Tysnes kommune om feil ved oppgitt høgdegrunnlag for regulering av Flatråkervatnet viser Sjøtroll A/S til oppretting som tidlegare er formidla av Sørli-Instanes A/S.

Elvefisket blir kommentert som avgrensa og det blir vist til at dette fisket opp gjennom tidene har hatt liten verdi.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader

Vassdragstiltaket det er søkt om gjeld regulering og uttak av vatn frå Flatråkervassdraget for å sikre tilgang på ferskvatn til produksjon av settefisk i søkjar sitt anlegg ved Flatråker. Ulemper for allmenne interesser ved vassdragstiltaket er i det vesentlege knytt til verknader ved regulering av Flatråkervatnet med evt verknad for Midtvatnet og Norbustadvatnet og redusert vassføring med periodevis tørlegging i Flatråkerelva.

NVE konstaterer at etablert reguleringsregime i vassdraget er basert på avtaler som Sjøtroll AS har inngått med private grunneigarar til vassdraget og som i praksis er basert på reguleringar og oppdemningsrettar som vart etablert i ei tid då vassuttaket vart nytta til drift av sagbruk og møller. For dagens drift og føremål med vassuttaket, er det lagt fram avtalar mellom Sjøtroll AS og grunneigarar til fallrettar og til vassrettar ved Flatråkervatnet. I avtalen er det med eigne punkt der det blir vist til at regulering og drifting må tilpassast evt. offentleg regulering eller pålegg. I ein slik samanheng vil eit løyve etter vassressurslova fastlegge rammer for bruk av vassdraget som kan medføre at private avtalar må justerast.

Det har frå ulike interesser blitt vist til uheldige verknader ved vassuttaket og reguleringa av Flatråkervatnet. I fleire av merknadene er det fokus på at det ikkje er lagt tilstrekkeleg vekt på omsynet til privatrettslege forhold som Sjøtroll AS sin leige av rettane skal byggje på. Det er i søknaden frå Sjøtroll AS presisert at uttaket av vatn til settefiskanlegget ikkje vil endre dagens situasjon for vassdraget og at vassuttaket vert i samsvar med dei tidlegare rettane knytt til sagbruket.

Eit gjennomgåande trekk i merknader til søknaden er likevel at det ikkje synest å vere nokon massiv motstand i mot å sikre vassuttak til sjølve settefiskanlegget. Det er imidlertid ein tydeleg skepsis til opplegget for styring av vassuttak og drifting av reguleringsanlegga. Det er NVE sin oppfatning at fokus på uheldige verknader ved tiltaket kan, etter det som har komme fram, ha blitt forsterka ved at det ved driftsendringar kan har vore lite presis informasjon og drøfting/gjennomføring i forhold til forventningar frå einskilde berørte parter.

Etter NVE sin oppfatning kan og må søknaden tolkast i samsvar med det som er presisert frå søkjar. Dette kan kanskje likevel ha blitt noko forvirrande ettersom det i søknaden er drøfta eit opplegg for tiltak i det nordre utløpet ("Kvitlo") frå Flatråkervatnet. Frå søkjar har det blitt presisert at det primært ikkje er søkt om endringar eller nye tiltak i nordre utløp. På synfaringa med partane den 18.02.2003 vart det spesielt drøfta eit opplegg for utforming av terskelen i "Kvitlo" som vart presentert av representanten frå fylkesmannen. Under drøftinga på staden fekk NVE klar melding om at grunneigarane vurderte det slik at det ikkje var ynskjeleg med tiltak der.

Oppsummert er det i saka fleire sterke innvendingar mot deler av settefiskanlegget sin etablerte drifting av vassdraget. Fokus på negative verknader ved drifta kan likevel synast å vere tufta på oppfatningar av at settefiskanlegget vil legge om drifta slik at det vil kunne bli større endringar i det etablerte reguleringsregimet. Det er også frå enkelte av partane klart uttrykt uro over at det kan blir gjennomført endringar i driftinga av vassdraget "over hovudet" på dei.

NVE sin vurdering og konklusjon

Etter NVE sin vurdering er demningen ved Flatråkervatnet og den verknad den har på vasstanden eit sentralt tema i saka. Demninga i det søre utløpet er av eldre dato, men den er rehabilitert slik at den er tetta for lekkasjer og på toppen er det støypt på ca 20 cm. Botnnivå i tappeluka i dammen utgjorde ved tidlegare bruk av reguleringsanlegget den nedre grensa for nedtapping av Flatråkervatnet. Med det opplegget for å hente ut vatn som no er etablert, kan det vere mogleg å tappe vatnet lenger ned. Det er

imidlertid ikkje søkt om å senke vatnet under tidlegare legste regulerte vasstand og det vil i praksis bety at det er søkt om regulering ned til LRV på kote 43,22. Det er i søknaden vist til at HRV ligg på 46,53 som tilsvarar topp dam i sørre elveløpet. Vidare er det vist til ei regulering av Flatråkervatnet på opp til 2 m over nivå for botnen i tappeluka. Nivå for botn/terskel i det nordre elveløpet er innmålt til kote 45,15. NVE vurderer det slik at LRV på kote 43,22 er eit nivå som er i samsvar med søknad og tidlegare nedre nivå for nedtapping av Flatråkervatnet. Vidare ser NVE at det har lite for seg å definere HRV til kote 46,53. Øvre grense for reguleringsmagasinet ligg reelt sett på ca kote 45,15 (botnnivå i nordre elveløp), sjølv om det er betydeleg lekkasjer gjennom terskelen. Det er nok likevel eit faktum at dammen i søndre elveløp påvirkar flaumvasstand og avrenningsforholda frå vatnet, men det blir likevel berre mellom kote 43,22 og 45,15 at det er mogleg direkte gjennom reguleringa å halde attende vatn i magasinet.

Fylkesmannen har gitt innspel på at det kunne vere aktuelt med tiltak i nordre elveløp for både å redusere lekkasjen og samtidig få til ei utforming som sikra ei betre magasinering. I tillegg ville det kunne opne for ei viss minstevassføring til Flatråkerelva og gje ein vasstandssituasjon med redusert frekvens på større variasjonar mellom LRV og flaumvasstand. NVE deler fylkesmannen sin vurdering og ser klart at tiltak i samsvar med forslaget kunne gi ein situasjon med meir stabil vasstand, sjølv om det vart lagt opp til ei rehabilitering i retning av ein midlare vasstand med eit nivå noko over kote 45,00. NVE føreset likevel, med grunnlag i søknad og innkomne merknader, at det i sjølve konsesjonen ikkje blir lagt inn føresetnader om tiltak i det nordre elveløpet. Innafor rammene som vil vere knytt til konsesjonen, vil NVE med heimel i konsesjonsvilkåra kunne godkjenne justeringar av reguleringsanlegget og anlegget som omfattar sjølve vassuttaket.

NVE har også vurdert merknader i saka som går på krav om rettingstiltak i kanalen mellom Nordbustadvatnet og Midtvatnet. Synfaring på staden synte at det har blitt ei viss stabilisering av tilhøva og at det såleis ikkje kan tilrådest at det blir sett i verk omfattande arbeid på staden. Det vil likevel bli slik at tiltak kan bli vurdert seinare dersom det skulle syne seg at det blir ei utvikling der kanalen i nemnande grad endrar seg.

Den samla vasskjelda, med reguleringsmagasin vil, etter det materialet som er lagt fram for NVE, være tilstrekkeleg til planlagt utviding av produksjonen. Det vil likevel vere viktig for anlegget å etablere ein langsiktig driftsstrategi med ei planlagt disponering av vassressursen slik at nødvendig bufferkapasitet er sikra for å møte periodar med langvarig lite tilsig.

NVE finn elles ikkje at det utover det som er drøfta ovafor er avgjerande merknader til at vassuttak og regulering, på visse vilkår, blir gjennomført i samsvar med søknaden. Negative verknader for allmenne og private interesser blir etter ei samla vurdering av skader og ulemper vurdert som akseptable i høve til den samla nytte som tiltaket vil gje.

Konklusjon

NVE konkluderer, ut frå ei samla vurdering, med at nytten som tiltaket vil gje er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev difor Sjøtroll AS, avd. Flatråker konsesjon etter § 8 til regulering og vassuttak som omsøkt frå Flatråkervatnet til selskapet sitt anlegg på Flatråker for produksjon av settefisk.

Konsesjon blir gitt på dei vilkår som er lagt ved.

Kommentar til vilkåra(jf. konsesjonen).*Post 1. Regulering og vassuttak*

Konsesjonen gjeld vassuttak til produksjon av settefisk og kan ikkje gjerast gjeldande for andre vassdragstiltak eller utnyttingsformer.

Post 2. Godkjenning av detaljplaner, landskapsmessige forhold m.v.

Vilkåret vil m.a. omfatte vurdering og godkjenning av detaljplanar for demning, reguleringsanlegg og røyrgate med inntaksarrangement. Vidare skal alle detaljplaner for dammar og bygg og anlegg knytt til regulering og overføring godkjennast. Evt. nedlegging av anlegget eller deler av anlegget vil måtte gjennomførast i samsvar med prosedyrer etter denne posten.

Post 3. Naturforvaltning.

Evt pålegg om fiskebiologiske granskingar og kompenserrande tiltak vil vere dekkka av dette vilkåret.